



Sakshandsamar:
Jan Tore Rosenlund
E-post: jan.tore.rosenlund@sfj.no
Tlf.: 91674735

Vår ref.
Sak nr.: 16/2308-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
8960/17

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 02.03.2017

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 6 mars 2017

Frå: Fylkesrådmannen


Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin i Movika Søknad om statleg tilskot

Det vert vist til notat til fylkesutvalet 25.01.2017, sak 08/2017. Fylkesrådmannen ynskjer med det no føreliggjande notat (2.03.17) å orientere fylkesutvalet om at søknad om statleg tilskot er sendt kulturdepartementet slik det var skissert i førstnemnde notat.

Det var ein føresetnad for at slik søknad kunne sendast at:

- **Forprosjekt med teikningar, beskriving og kostnadskalkyle låg føre (ansvarleg fylkeskommunen).**
Forprosjektarbeidet er ferdigstilt og levert i samsvar med avtale mellom fylkeskommunen og arkitektkontoret den 31.01.17 og ligg til grunn i søknaden.
- **Det vart etablert ein intensjonsavtale om ansvarsfordeling for finansiering og drift (ansvarleg Førde kommune).**
Utkast til avtale er utarbeida og ligg føre saman med søknaden. Det var ikkje mogleg å få på plass politiske vedtak i alle dei involverte kommunane innan søknadsfristen. Signaturar og dokumentasjon gjennom formelle politiske vedtak må difor ettersendast til departementet så snart dette ligg føre. Prosessen i kommunane pågår i desse dagar og fylkesrådmannen ventar at dette er klart innan relativt kort tid.
- **Inntekts- og utgiftsbudsjett for drift samt gjere greie for det kultur- og museumsfaglege grunnlaget for byggeprosjektet (ansvarleg MiSF).**
 Dette er utarbeida og levert av museumsadministrasjonen som avtalt og ligg føre som ein del av søknaden.

Kostnadane med investeringsprosjektet (forprosjektet) er kalkulert til 250 mill. kr inkl. mva. Finansiering av investeringa som ligg til grunn i saka fordeler seg som tidlegare, med 1/3 på statleg del som tilskot og 2/3 samla på kommunal (40%) og fylkeskommunal (60%) del. Den fylkeskommunale delen av dette utgjer då 100 mill. kr inkl. mva. Det er teke utgangspunkt i at vi får refusjon for meirverdiavgifta slik at nettoinvesteringa for fylkeskommunen vert 80 mill. kr. Tenkt finansieringsfordeling mellom partane er vist i figur under i mill. kr.



I gjeldande økonomiplan 2017-20 (FT-sak 51/2016) ligg det i gjennomføringsperioden (2018-20) inne totalt 87,5 mill. 2012-kr (inkl. mva). Justert til dagens prisnivå (1.jan 2017) vil dette, i fylgje SSB's byggekostnadsindeks, bli i storleiksorden 98-100,5 mill. kr avhengig av kva statistikktabell ein nyttar. Denne prisjusteringa (12,5 mill. kr) må såleis innarbeidast i neste økonomiplan. Fordeling av løyving i høve antatt framdriftsplan må og tilpassast.

Det er viktig for fylkesrådmannen å understreke at viss prosjektet skal realiserast må kommunane gjere naudsynte formelle vedtak slik at ein eigaravtale kan etablerast som føreset. Det må og arbeidast vidare med avklaringar kring det ev. regionale driftstilskotet. Fylkeskommunen må og avklare med Skatt Vest om alle vilkår for refusjon av meirverdiavgifta ligg føre, då dette er teke inn som ein føresetnad i finansieringsplanen.

Prosjektet er kalkulert å ha ei gjennomføringstid (detaljprosjektering og bygging) på om lag 3,5 år – dette frå fullstendige finansieringsvedtak og signert eigaravtale ligg føre. Greier ein dette i løpet av inneverande år vil prosjektet tidlegast kunne være ferdig sommaren 2021

Søknaden om statleg tilskot er altså sendt inn og fylkesrådmannen vil arbeide vidare med saka som skissert over. Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet ev. merknader til dette.

Dersom fylkesutvalet ved høve ynskjer ein nærare presentasjon av forprosjektet, vil vi sjølvsgatt leggje til rette for dette.